



Ørskog kommune
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: L12
Saksmappe: 12/238
Saksbehandlar: Jacob Havnsund
Dato: 08.02.2013

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR DEL AV SJØHOLT SENTRUM -
HANDSAMING AV MERKNADER ETTER OFFENTLEG ETTERSYN.**

SAKSGANG		
Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
012/13	Kommuneplanutvalet	18.02.2013
015/13	Kommunestyret	28.02.2013

Samandrag:

På oppdrag frå Sjøholt Næringsbygg AS har landskapsarkitekt Roger Tokle AS utarbeidd eit privat forslag til detaljreguleringsplan for eit område i Sjøholt sentrum, jfr. plan- og bygningslova § 12.11. For området no gjeld ein eldre reguleringsplan stadfesta i 1986.

Føremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for bygging av parkeringsplassar og garasjeanlegg for Sjøholt Næringsbygg, og parkeringsplassar og opparbeiding av hente- og bringesone for Årøyhaugen barnehage. Planen viser trafikkareal for Årøyhaugen barnehage og Sjøholt Næringsbygg.

Ørskog kommuneplanutval vedtok i møte 19.11.12, Kp-sak 073/12 offentleg utlegging av detaljreguleringsplanen for del av Sjøholt sentrum jfr. plan- og bygningslova § 12.10. Rådmannen har vurdert dei mottekte merknadane etter høyringsrunda, og legg no planforslaget fram til politisk behandling.

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	S	23.02.2012	Roger Tokle AS	Oppstartsmøte for reguleringsendring Sjøholt sentrum
2	I	27.02.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle AS	Reguleringsendring Sjøholt sentrum
3	I	28.02.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle	Melding om planarbeid. Reguleringsendring for Sjøholt sentrum.
4	I	28.02.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle	Melding om planarbeid. Reguleringsendring for Sjøholt sentrum.
5	I	05.03.2012	NVE	Innspeil til reguleringsendring i Sjøholt sentrum - Årøyhaugen barnehage - Ørskog kommune.
11	I	13.03.2012	Statens vegvesen	Melding om oppstart av reguleringsendring - uttale.
6	X	16.03.2012		Innspeil til reguleringsendring i Sjøholt sentrum frå Ørskog Eldreråd.
9	I	27.03.2012	Møre og Romsdal fylkeskommune	Reguleringsendring - reguleringsplan Sjøholt sentrum - fråsegn til varsel om oppstart
8	I	27.03.2012	Kristin Amdam	Referat fra møte
10	I	27.03.2012	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Detaljregulering - reguleringsendring Sjøholt sentrum. Fråsegn til melding om oppstart.
12	I	30.03.2012	Grete Sjøholt og Ådel Sjøholt	Merknad til melding om planarbeid-reguleringsendring Sjøholt sentrum

13	I	28.09.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle	Reguleringsendring for Sjøholt sentrum - utkast pr 28.09.2012
15	I	09.11.2012	Roger Tokle	Reguleringsendring for Sjøholt sentrum - utkast pr. 08.11.2012
16	I	12.11.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle AS	Føresegner - utkast pr. 08.11.2012
17	U	23.11.2012	Roger Tokle	Melding om vedtak reguleringsendring Sjøholt sentrum
18	U	23.11.2012	Sjøholt Næringsbygg AS	Melding om vedtak KP-sak 073/12 - Reguleringsendring Sjøholt sentrum
19	I	06.12.2012	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle AS	Melding om vedtak reguleringsendring Sjøholt sentrum
20	U	11.12.2012	Adresseliste - sjå vedlegg	Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum
21	I	13.12.2012	ÅRIM	Fråsegn.
22	I	20.12.2012	NVE	Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan.
24	I	21.01.2013	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fråsegn til offentlig ettersyn.
25	I	21.01.2013	Statens vegvesen	Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum - uttale.
28	I	25.01.2013	Barnerepresentant KP-utvalet	Uttale frå barnerepresentanten i KP.
29	I	29.01.2013	SU ved Årøyhaugen barnehage	Uttale til kommuneplanutvalet
30	X	29.01.2013		Faktura / rapporter
31	I	30.01.2013	Grete og Ådel Sjøholt	Offentleg ettersyn - detaljregulering for del av Sjøholt sentrum.
32	I	01.02.2013	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle AS	Re: Reguleringsendring Sjøholt sentrum
34	I	06.02.2013	Møre og Romsdal fylkeskommune	Reguleringsendring - reguleringsplan Sjøholt sentrum - fråsegn ved offentlig ettersyn
38	I	15.02.2013	Kystverket	Offentleg ettersyn.
36	U	19.02.2013	post@landskapsarkitekten.no,	Melding om vedtak KP sak 012/13 Detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum
35	U	19.02.2013	Sjøholt Næringsbygg; Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle	Melding om vedtak KP sak 012/13 Detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum
37	I	20.02.2013	Landskapsarkitekt MNLA Roger Tokle AS	Melding om vedtak KP sak 012/13 Detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.02.2013	525ØrskogRegplanRevA121129.pdf	65217
08.02.2013	525PlanomtaleRev121129.pdf	65218
08.02.2013	525SjøholtSentrumRegBest121129.pdf	65219
23.11.2012	Melding om vedtak KP-sak 073/12 - Reguleringsendring Sjøholt sentrum	64342
08.02.2013	Adresseliste.doc	65276
18.12.2012 13:24:31	Fråsegn.	65633

08.02.2013	Informasjon om nedgravne løysingar.	65634
27.12.2012 13:18:52	Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan.	65812
15.01.2013	Uttale - detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum	66519
22.01.2013 12:52:01	Fråsegn til offentleg ettersyn.	67071
23.01.2013 12:45:53	Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum - uttale.	67106
28.01.2013 12:58:08	Uttale frå barnerepresentanten i KP.	67324
08.02.2013	Ørskog kommun1.doc Parkeringstilhøve.doc	67370
31.01.2013 09:04:23	Offentleg ettersyn - detaljregulering for del av Sjøholt sentrum.	67466
06.02.2013	Ørskog kommune - reguleringsendring - reguleringsplan Sjøholt sentrum - fråsegn ved offentleg ettersyn.pdf	67922
21.02.2013	Forslag til endring av planen jmf. vedtak KP møte 18.02.12	68343
21.02.2013	Reguleringsplan - revidert 20.02.13	68345
21.02.2013	Føresegner - revidert 20.02.13	68344

Saksopplysningar:

For området gjeld ein eldre reguleringsplan for Sjøholt sentrum stadfesta i 1986. Planområdet er i dag regulert til bustadformål og trafikkformål. Trafikkformålet er dagens Årøyvegen og tilkomst til Årøyhaugen barnehage. Planen syner ei løysing der delar av Årøyvegen er delvis stengt for biltrafikk.

Forslaget til detaljreguleringsplan som no er utarbeidd skal legge til rette for å anlegge parkeringsplassar og bygging av garasjeanlegg for brukarar av nytt Rådhus, Sjøholt Næringsbygg og Årøyhaugen barnehage. Samstundes skal planen ta i vare dei mjuke trafikantane med klare gangsoner og hente- og bringesone for barnehagen. Reguleringsendringa må sjåast i samanheng med detaljreguleringsplanen for Sjøholt Næringshage stadfesta i KS sak 105/12.

Planomtalen som ligg ved saka gir meir utfyllande informasjon om planforslaget.

Kommuneplanutvalet behandla planforslaget den 19.11.2012

KP-073/12 Vedtak:

Ørskog kommuneplanutval vedtek offentleg utlegging av detaljreguleringsplan for del av Sjøholt sentrum med tilhøyrande føresegner og planomtale datert 08.11.12, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-10.

Parkeringsareal for barnehagen må innarbeidast i planen.

Forslaget til reguleringsplan med føresegner vart lagt ut til offentleg ettersyn, med merknadsfrist 30.01.13. Etter høyringsrunda er det kome inn følgjande merknader som er kommentert av rådmannen:

Fråsegn 1: Ålesundregionen interkommunale miljøselskap datert 13.12.2012

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap (ÅRIM) tok frå 31.mai 2011 over ansvaret kommunane i regionen har etter § 30 i forurensningsloven for innsamling av avfall og frå 1. januar 2012 for tømning av separate avløpsanlegg. ÅRIM har eit ønskje om å kunne gje aktive og konstruktive råd i dei sakene som blir fremja etter plan- og bygningsloven i kommunane.

Kommentar:

I ei fråsegn til planarbeidet til Sjøholt Næringshage la ÅRIM fram ei løysing for handteringa av avfall. Detaljreguleringsplanane må sjåast i samanheng. Det er teke omsyn til merknadane frå ÅRIM i tilgrensande godkjent reguleringsplan for Sjøholt næringsbygg.

Fråsegn 2: Noregs Vassdrags- og energidirektorat datert 20.12.12:

Nve har ingen merknader til reguleringsendringa.

Fråsegn 3: Råd for mennesker med funksjonshemming datert 22.01.2013

RMF-004/13 Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Sjøholt Næringshage vert teken til vitande med følgjande merknader:

Ein legg til grunn at det vert universell utforming i arealet, og med ledeline. Årøyvegen bør gjerast om til gang- og sykkelveg.

Kommentar:

Ledelinene må sjåast i samanheng med tilgrensande reguleringsplan for Sjøholt næringsbygg, og andre tilgrensande planer for lik utforming.

Fråsegn 4: Eldrerådet datert 22.01.2013.

ER-004/13 Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Sjøholt Næringshage vert teken til vitande.

RMF og Eldrerådet har handsama rett sak, men planen har i vedtaket fått namnet Sjøholt næringsbygg.

Fråsegn 5: Fylkesmannen i Møre og Rommsdal datert 21.01.13:

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til planforslaget.

Fråsegn 6: Statens vegvesen datert 21.01.2013

Har ikkje merknader til Planforslaget.

Fråsegn 7: Barnerepresentanten Øygunn Garseth datert 28.01.13.

"Foremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for bygging av parkeringsplassar og garasjeanlegg for Sjøholt Næringsbygg, og opparbeiding av hente - og bringesone for Årøyhaugen barnehage.

Desse punkta bør leggjast vekt på ved planlegging av parkeringstilhøva for barnehagen:

1. Parkeringa må vere slik plassert at barn og føresette slepp å krysse bilveg. Dette tyder at Parkering 2 ikkje kan nyttast for føresette i hente/bringesituasjonar.
2. Parkeringsplassane for føresette må vere så nært barnehagen som mogleg. Dette kan gjerast ved å opparbeide parkering så nært opp mot barnehagen som råd, gjerne på 97/140 dersom delar av denne kan kjøpast.
3. Garasjeanlegget til næringsbygget bør bytte plass med parkeringa mot 97/389, dette fordi det då vert kortare å gå frå parkeringa der garasjeanlegget på kartet er innteikna (mot 97/140) og opp til barnehagen. I tillegg slepp føresette og barn frå parkeringa mot 97/140 å krysse heile parkeringsplassen.
4. Parkeringa mot 97/140 vert øymerka føresette som skal bringe/hente.
5. Den såkalla dropsona, som i røynda er ei kort-tidsparkering, må ha fysisk avgrensing mot den einvegskøyrdede vegen. Dette for å sikre barna ved av/påstigning.
6. Det bør vere gangveg heilt opp til barnehagen (Gangveg 2 bør forlengast), då t.d. varetransport, bossbil, brøytebil og utkøyrsla til 97/140 nyttar vegen opp til barnehagen.
7. Dei 14 parkeringsplassane midt på parkeringsplassen bør vere øymerka barnehagen.
8. Det må sikrast tilstrekkeleg med parkeringsplassar til personalet i barnehagen."

Kommentar:

1. Det er meininga at det er dropsona som skal brukast. Ynskjer dei føresette å bruke parkering 2 bør ein bli med borna over vegen.
2. Parkeringsplass på 97/140 har ikkje vore tema i denne samanheng. Det er mogeleg, men rådmannen meiner det blir ei meir problematisk løysing med rygging og snuing for bilar som skal både opp og ned bakken.
3. Å bytte garasjeanlegget mot parkeringsplass ved 97/389 har ikkje vore tema. Men det er ei mogeleg løysing. Kvar plass i garasjeanlegget krev ca. 2 meter meir i lengderetning enn ein vanleg plass. Garasjeanlegget som plassert "tar i mot" ei fjellskjering og dempar den visuelt.
4. Å øymerke fleire plassar enn vist i planen treng ikkje vere ein regulerings sak. Det kan vere andre praktiske måtar å løyse det på etter kvart som ein får erfaringar. Dropsona kan kanskje ta opp til 9 bilar samstundes. Har ein behov for lengre parkering kan ein parkere i parkering 2 og følgje borna til/frå barnehagen.
5. Fysisk avgrensing mellom dropsona og den einvegskøyrdede vegen meiner rådmannen blir eit problem. Det tar lang tid å gå rundt, fører til kltring og blir eit problem vinterstid med rydding av snø.
6. Gangveg 2 kan forlengast til barnehagen. Dette kan gjerast sidan det ser ut til at gjeldande reguleringsplan for nettopp dette området er trafikkføremål. Sidan dette ikkje er med i noverande reguleringsplan kan dette kan avklarast i tilgrensande plan for barnehagen.
7. Det er 16 parkeringsplassar øymerka barnehagen, mellom anna dei 14 midt på

parkeringsplassen.

8. Sjå punkt 7.

Fråsegn 8: Foreldreutvalet for Årøyhaugen barnehage datert 29.01.2013

"Samarbeidsutvalet (SU) ved Årøyhaugen barnehage meiner det er svært viktig at ein i denne prosessen kjem fram til løysingar som er til det beste for alle partar. Det er no vi kan gjere noko med parkeringstilhøva for Årøyhaugen barnehage, som har vore ei stor utfordring i mange år. Ein må finne løysingar som er gode både for brukarane/foreldre og barn og dei tilsette.

1. Gangavstand barnehage – parkering.

For foreldre/foresatte som skal levere barn i barnehagen er det viktig at gangavstanden ikkje er for lang. Dei skal levere 2-3 barn med alt utstyr som trengs for ein dag i barnehagen. Er avstanden for lang tyr foreldra til lettvinde løysingar og vi får "villparkering" som skaper mange farlige situasjonar. Slik parkeringsløysinga framgår no anser vi det som for lang avstand mellom parkering og barnehage.

2. Garasjeanlegg

Flytting av garasjeanlegg kan vere ei løysing for å få parkeringsplassane nærmare barnehagen

3. Mjuke trafikkantar.

Barn som skal leverast i barnehagen må skjermast mot biltrafikken - difor bør det lagast gangveg/fortau heilt opp til barnehagen. Sjølv om tilsette og foreldre ikkje skal køyre opp er det ein del trafikk opp til barnehagen slik som varelevering, postombringning, henting av søppel o.l.

4 Droppsone

Ingen barnehagebarn vert "droppa" for å gå aleine opp til barnehagen. Ei slik droppsone vil bli nytta til parkering- dermed får vi dei same utfordringane som i dag. Mange farlige situasjonar med barn og biltrafikk i nederste del av vegen opp til barnehagen.

Den såkalla droppsone – kan gjerast om til korttidsparkering med 4/5 oppstillingsplassar for bil og skjerming mot trafikken. Det er viktig at ein her får ei løysing som gjer at bilane ikkje må rygge."

Kommentar:

1. Gangavstand. Frå droppsone til barnehagen er det rundt 70 meter å gå. Men å tillate bilar opp vegen til porten ved barnehagen for å bringe/hente borna fører til kaotiske tilstandar med snuing og rygging og dårleg blanding av bilar og mjuke trafikkantar.
2. Garasjeanlegg. Sjå punkt 3 i kommentar til uttale frå Årøyhaugen barnehage. Andre løysingar (t.d. mot sør) er prøvd, men utnyttinga og funksjonen blir dårlegare.
3. Mjuke trafikkantar. Sjå punkt 6 i kommentar til Årøyhaugen barnehage.
4. Droppsone. Sjå generelt. Droppsone er ein form for korttidsparkering der ein unngår rygging. Det er plass til 5 bil oppstillingsplassar i staden (skråparkering), men då må ein rygge ut bilen.

Fråsegn 9: Grethe og Adel Sjøholt:

"Vi viser til tilsendt varsling om offentlig ettersyn datert 11.12.2012 og vårt tidlige innspill til planarbeidet datert 30.03.2012.

Vi vil hevde at det framlagte planforslaget vil medføre både forringet boforhold og verdiforringelse av boligtomt 97/141. Vi går derfor imot endringsforslaget og viser til vårt tidlige innspill vedrørende behovet for å bruke dette arealet til parkeringsformål og ulempene dette vil påføre tomte- og boforhold.

Vi ser ellers positivt på at en har tatt hensyn til behovet for å opprettholde Årøyvegen som gangpassasje og at det er tilrettelagt for snuplass der offentlig kjøreveg slutter og går over til gangveg.

Andre merknader:

Vi gjør oppmerksom på at innregulert gangveg 1i planforslaget forutsetter en tilkobling til en gangvei i tilstøtende reguleringsplan for Sjøholt næringshage (26.09.11). Av tidligere tilsendte dokumenter kan vi ikke se at denne gangveien er hjemlet i denne planen.

I § 06 Rekkjefølgekraft 6.1 står det i andre setning at «Ev. sikringstiltak skal vere utført før ein tar i bruk anleggene». Vi forutsetter at ordet ev. tas ut slik at sikringstiltak skal være utført før en tar i bruk anleggene.

Verneinteresser eller kulturminner

I rådmannens saksframlegg går det også fram at det er ingen registrerte verneinteresser eller kulturminner i området. I den forbindelse vil vi opplyse om at vi er kjent med at dette området ble brukt som området for utskipping av tømmer under Hollendertiden. Tidligere generasjoner mener vi kalte berget *Tallberget* (norrønt: *tall* er lik *fur*) av den grunn. I den tiden gikk sjøen opp til berget som nå tenkes delvis sprengt bort for å gi plass for parkeringsplasser og garasjeanlegg. På berget skal det også finnes spor av fortøyningsringer for skipene som la til her. Vi legger til grunn at dette blir undersøkt nærmere.”

Kommentar:

Brev frå Grete Sjøholt og Ådel Sjøholt, dat. 30.01.2013:

1. Hevder at planforslaget fører til verdiforringelse av boforhold og av boligtomt 97/141. Planen tar ikkje stilling til dette, men rådmannen vil peike på at arealet er tidlegare avsett til byggeføremål.
2. Gangveg 1 blir koplta til ein 3 meter brei gangsoner rundt bygget, sjølv om denne ikkje har fått eige reguleringsformål i denne planen.
3. Sikringstiltak. Ordet ”ev.” kan takast ut (eller erstattast med t.d. ”naudsynte”).
4. Verneinteresser eller kulturminner. Det er ikkje gjort kjent for oss. Fylkeskommunen har heller ikkje meldt om slike innafor planen si reguleringsgrense.

Fråsegn 10: Møre og Romsdal Fylke:

Har ikkje særskilte merknader til planforslaget.

Vurdering:

Det var halde oppstartsmøte med kommunen 23.02.2012. Planarbeidet vart varsla i dagspressa 29.02.12, og høyringsinstansar og partar er varsla skriftleg pr. brev. Mottekne innspel er nærare omtala i planomtalen som ligg ved saka. Etter offentleg ettersyn med frist til å gje uttale 30.01.13, har rådmannen kommentert dei mottekne merknadane til planforslaget. Det har ikkje kome inn merknader til planen frå overordna planmynde.

Reguleringsendringa viser i hovudsak at deler av ei eksisterande/regulert bustadtomt blir gjort om til parkeringsareal og garasjeanlegg. Regulert gjennomkøyring av Årøyvegen blir delvis stengt for biltrafikk ,men halde open for gang- og sykkeltrafikk. Regulert veg med sideterreng til Årøyhaugen barnehage blir regulert til hente- og bringesone med fortausløyising. Rådmannen meiner at det framlagte planforslaget vil forbetre parkeringsforholda til barnehagen, og gje ei god parkeringsløyising for Sjøholt Næringsbygg. Vel ein ei planløyising med parkeringsareal nærare barnehagen, og flytting av garasjeanlegg, jfr. uttalen frå barnehagen, vil dette krevje ny reguleringsplan.

Det er ikkje registrert miljøfaglege forhold, eller naturmangfald som har betydning for planforslaget.

Rådmannen legg saka fram med slik

INNSTILLING:

Ørskog kommunestyre godkjenner detaljreguleringsplanen for del av Sjøholt sentrum med føresegner datert 29.11.2012 i medhald av plan og bygningslova § 12.12.

Behandling i Kommuneplanutvalet den 18.02.2013

Roger Tokle informerte om planen.

Leiar Erling Keiseraas viste til at han er part i saka og gjekk frå.

Vara Solgunn Seljehaug kom til.

Arne Abelset tok over som leiar.

Framlegg frå Arne Abelseth:

Tillegg til innstillinga:

Skråstilt korttidsparkering til barnehagen vert opparbeidd der ”dropsone” er plassert. Dette må vurderast i samband med skråparkeringa på austsida av Næringsbygget.

Det vart røysta over innstillinga som vart samrøystes vedteken.
Det vart røysta over forslaget til Arne Abelseth som var eit tillegg til innstillinga.
Forslaget til Arne Abelseth vart samrøystes vedteken.

KP-012/13 Vedtak:

Ørskog kommunestyre godkjenner detaljreguleringsplanen for del av Sjøholt sentrum med føresegner datert 29.11.2012 i medhald av plan og bygningslova § 12.12.
Skråstilt korttidsparkering til barnehagen vert opparbeidd der "dropsone" er plassert. Dette må vurderast i samband med skråparkeringa på austsida av Næringsbygget.

Behandling i Kommunestyret den 28.02.2013

Ap v Arne Abelseth la fram forslag:

*Som vedtak i KP-012/13 pr 18.02.2013 med unntak av siste setning som vert erstatta med:
"skråparkeringa på austsida av Næringsbygget vert erstatta med langsgående parkering".*

Frp v Thorbjørn Fylling la fram forslag:

Ørskog kommunestyre har vurdert merknadane etter offentlig utlegging av reguleringsplanforslaget datert 29.11.12

For å imøtekomme merknaden frå Årøyhaugen barnehage, vedtek Ørskog kommunestyre å justere detaljreguleringsplanen med følgjande endringar:

Skråstilt korttidsparkering til barnehagen vert opparbeidd der "dropsone" er plassert.

Endringane er vist på plankartet og i føresegnene frå Landskapsarkitekt Roger Tokle AS datert 20.02.13

Ørskog kommunestyre vurderer ikkje at endringane utløyser krav om nytt offentlig ettersyn eller avgrensa høyring.

Med desse endringane godkjenner Ørskog kommunestyre i medhald av plan- og bygningslova § 12.12, detaljreguleringsplanen for del av Sjøholt sentrum med planomtale og føresegner revidert 20.02.13

Arne Abelseth trekte sitt framlegg og slutta seg til forslaget frå Frp ved Thorbjørn Fylling. Forslaget vart eit fellesforslag frå Frp og Ap.

Sp v Gert Rietmann la fram forslag:

- 1. Ørskog kommunestyre viser til innkomne merknader og kan ikkje sjå at det framlagde forslaget til reguleringsplan stettar dei minstekrav til tryggleik ein må sette, særleg til barn – og andre mjuke trafikantar i gangsoner og i hente- bringesoner for barnehagen. Planforslaget har alt for store avvik i høve dei krav og gode forslag som kjem fram i fleire av høyringsuttalane; deriblandt frå barnerepresentanten sine fråsegn i 8 pkt, jf. Også foreldrelaget sine merknader.*
- 2. Årøyvegen vert å oppretthalde for gjennomgangstrafikk*
- 3. Ørskog kommunestyre ser det som viktig at det vert utarbeidd trygge og gode løysingar på desse problema og som har føresetnad til å fungere i praksis. Rådmannen vert beden om å utarbeide nytt forslag til reguleringsplan der løysingane vert redegjort for og vist på revidert plankart. Jf. Innkomne merknader. Det reviderte planforslaget må leggest ut for avgrensa ettersyn før det kan godkjennast i kommunestyret.*

Det vart røysta over framlegg frå Sp.
Framlegget fall med 14 mot 3 stemmer

Det vart røysta over fellesforslag frå Frp og Ap.
Framlegget vart vedteken med 15 mot 2 stemmer.

Det vart ikkje røysta over innstillinga.

KS-015/13 Vedtak:

Ørskog kommunestyre har vurdert merknadane etter offentlig utlegging av reguleringsplanforslaget datert 29.11.12

For å imøtekomme merknaden frå Årøyhaugen barnehage, vedtek Ørskog kommunestyre å justere detaljreguleringsplanen med følgjande endringar:

Skråstilt kortidsparkering til barnehagen vert opparbeidd der "dropsone" er plassert.

Endringane er vist på plankartet og i føresegnene frå Landskapsarkitekt Roger Tokle AS datert 20.02.13

Ørskog kommunestyre vurderer ikkje at endringane utløyser krav om nytt offentlig ettersyn eller avgrensa høyring.

Med desse endringane godkjenner Ørskog kommunestyre i medhald av plan- og bygningslova § 12.12, detaljreguleringsplanen for del av Sjøholt sentrum med planomtale og føresegner revidert 20.02.13

Rådmannen i Ørskog
Anders P.Grotle

Kommune planleggarr
Jacob Havnsund

Utskrift til: